


Oslo, 01.02.2019

PRESSEMELDING



1. februar opnar det samordna opptaket til landets høgskular og universitet. Søkjarar kan i år velgje mellom 1300 studiar fordelt på 27 høgskular og universitet i Noreg. Alt med éin søknad. 58 565 studieplassar ventar søkjarar til høgare utdanning i 2019.

Å søkje opptak til høgare utdanning er eit krevjande val for mange. Søkjarane får difor god tid til å bestemme seg. Søknadsfristen er 15. april. Både Samordna opptak og lærestadane står klare til å gje råd og informasjon undervegs i søkjeprosessen.

Publiseringsdatoar for opptaket 2019 er lagt ut på [informasjonsplan for Samordna opptak 2019](#).

Samordna opptak feirar 25 år

Samordna opptak feirar sitt 25 års jubileum i år. Det første samordna opptaket vart gjennomført i 1995. Før samordninga, hadde kvar enkelt høgskule og universitet sine egne reglar, rangeringsmåtar og rutinar for opptaket.

"Samordna opptak forenkler søk og opptak til høgare utdanning for meir enn 140 000 personar årleg. Målretta digitalisering gjennom 25 år har losa eit stort tal søkjarar gjennom søknadsprosessen på ein måte som er kostnadseffektiv, brukarvenleg og sikker." seier Roar Olsen, direktør i Unit.

"Samordninga av opptaket har ført til betre utnytting av studiekapasiteten og gitt eit solid datagrunnlag med omsyn til dimensjonering av høgare utdanning og utvikling av opptaksregelverk. Samordna opptak har vore ein suksess, både for søkjarane og ikkje minst for lærestadane", seier seniorrådgjevar Geir Sverre Andersen i Unit.

Kontakt:

Informasjonsrådgjevar Kristian Folkman

tlf. 954 68 108

Seniorrådgjevar Geir Sverre Andersen

tlf. 410 34 185

*Grafen syner kor mange personar som har søkt studiar gjennom Samordna opptak frå tidspunktet da sammenliknbar statistikk foreligg. Nedgangen i 1998 til 2000 er grunna endringar i kva studiar ein kunne søkje gjennom Samordna opptak.

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning leverer eit breitt spekter av tenester til forskning og høgare utdanning. Unit har ei sentral rolle i oppfølging av regjeringa si digitaliseringspolitikk. Hovudkontoret ligg i Teknobyen i Trondheim. Unit har avdelingskontor i Fridtjof Nansens gate i Oslo.
